

Norsk Etnologisk Gransking.

Emne nr. 36.

Fylke: Rogaland.

Herad: Klepp.

Emne: Måtar å refse folk på.  
Tilleggsliste. til nr. 36

Oppskr. av K.K. Kleppe,

Gard: Kleppe.

adresse Kleppe, Jæren.

G.nr. 1, br.nr. 19

Etter eiga røynsle. Alder 77 år.

A. Ved ymse høve.

Eg kan ikkje hugsa at det her i bygda vart gjort slike tiltak som nemnt under 1 - 3. Folk kunne snakka om at grannen ikkje var på høgd med dei andre, og som oftast gjekk det av med det.

Natteranglarar helgedagane kunne venta å få juling, dersom dei fann på noko ustykke. Men dette var ikkje vanleg.

B. Ved å setja namn på folk.

4. Kjenner ikkje til at dei fekk noko sers namn.

5. I Høgsfjord, Ryfylke, sa dei at folk drog på stabben, når dei ikkje fekk noko nytt.

6. Han er ein slarv. Han er ein latbrann.

- - - - -